

---

Saksnr:	2021/19499-1
Saksbehandlar	Matti Torgersen
Dato:	Tone Synnøve Stople 03.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for Samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Forprosjekt for fv. 587 Arnatveit - Midtun inklusiv Grimesvingane


### Bakgrunn

Fv. 587 går mellom Indre Arna og Nestun i Bergen kommune. Veggen er ei av to hovudinnfartsårar frå aust til Bergen. I tillegg har fylkesvegen i dag ein viktig lokal funksjon ved å binde saman arbeidsplassar, bustader, butikkar og skule langs strekninga. Dei største køyretøya, med høgde over 4,1m, må køyra gjennom Åsane og Bergen sentrum (Fløyfjellstunnelen) mellom Arna og Bergen sør. Strekninga har ein ÅDT på opp mot 10 000, og standarden er dårleg på store delar av strekninga, og delar manglar tilbod til gåande og syklende.

I arbeidet med å finne tiltak som kan utnytte overskotsmassar frå utbygging av fellesprosjektet E16 og Vossabanen vart det i 2018 undersøkt om det går an å fylle steinmassar i Grimevatnet for å kunne leggje fv. 587 på fylling i Grimevatnet. På grunn av dårlege botnforhold, stor djupne og omsyn til kapasitet i vassdraget, valde prosjektet å ikkje gå vidare med denne løysinga. Prosjektet viste til at det var fylkeskommunen som vegeigar som måtte ta stilling til alternativ løysing forbi Grimesvingane.

### Forprosjekt fv. 587 Arnatveit-Midtun


I 2019 fekk Hordaland fylkeskommune utarbeid alternative løysingar for ny veg forbi Grimesvingane (Norconsult). Desse alternativa føreset ikkje store fyllingar i Grimevatnet. Fylkeskommunen fann at det var behov for å vurdere heile strekninga Arna - Midtun før det vert starta regulering på ei delstrekning. Det er difor utarbeida ein rapport for den dårlegaste delen av fv. 587 som er strekninga Arnatveit-Midtun. Rapporten følgjer vedlagt. Kartet under viser strekninga.



Rapporten konkluderer at vegstandarden på strekninga Arnatveit - Midtun er dårleg tilpassa trafikkmengd og arealbruk langs vegen. Tilbod til både køyrande, gåande, syklande og naboar er aller dårlegast på strekninga langs Grimevatnet. Her er og teknisk standard på vegen dårleg, med kritisk skade på Søylen Sundsbrua ved Brattland camping. Denne strekninga er også den vanskelegaste å utbetre med enkle tiltak. For å få eit samanhengande tilbod til mjuke trafikantar må heile denne strekninga frå Haukeland sør (Søyletjønn) til Helldal byggast. Det er difor føreslått å utarbeide ein eller fleire reguleringsplanar for delstrekninga Haukeland sør- Helldal (forbi Grimevatnet).

I utkastet til handlingsprogrammet for Miljøloftet 2022-2025 som blir handsama av fylkestinget i juni 2021 er det føreslått å avsetje 37 mill. kr. til regulering og bygging av ny bru med tilhøyrande vegline på begge sider av Søylen-Sundsbrua.

Forprosjektrapporten føreslår vidare å starte opp regulering av ny løysing mellom Helldal skole og Djupevika ved Grimevatnet med tunnel på om lag 1,7 km. Kostnaden er førebels rekna til 700 mill. kr. med ein usikkerheit på +/- 40 %. Det må takast omsyn til det freda kulturminnet veteranogbanen ved at muren opp mot jernbanen ved påhogget ved Djupavika ikkje blir berørt. Sjå kart under.



For delstrekninga Arnatveit-Haukeland sør vert det tilrådd tiltak for å betre trafiktryggleiken, særleg for mjuke trafikantar, mens for delstrekninga Helldal-Midtun er det føreslått gang- og

sykkelveg langsetter fv 587 Hardangervegen som del av områdeplan for næringsområdet Sanddalsringen øst.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen viser til at fv. 587 har ein viktig funksjon både som ein hovudinnfartsåre frå aust mot Bergen sør, og som lokalt samband. Det er eit stort behov for å utbetring av vegen. I første omgang må Søylen Sundsbrua ved Brattland camping skiftast ut, då denne er kritisk skadd. Vidare er det eit stort behov for tunnel mellom Djupevika og Helldal skole for å erstatte vegen langsetter Grimevatnet. Det er også behov for tiltak langsetter andre delar av fv. 587 mellom Arnatveit og Midtun for å betre trafikktryggleik, og for å gje eit godt tilbod til gåande og syklende.

Eit sentralt spørsmål er kva for funksjon denne vegstrekninga vil ha i eit framtidig vegsystem i Bergensområdet. I forprosjekt for Ringveg øst i 2015 vart det foreslått å utarbeide eit samband mellom Vågsbotn i Åsane via Indre Arna og med tunnel frå Indre Arna mot Fjøsanger/Hop. Planarbeid pågår for E39/E16 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset. I framlegget til Nasjonal transportplan 2022-2033 er ikkje delstrekninga for ringveg øst Indre Arna-Fjøsanger/Hop omtala. Det går fram at det skal lagast ein heilskapleg strategi for E39. Det er difor usikker både om det vil bli bygd ein delstrekning for Ringveg øst mellom Indre Arna og Fjøsanger/Hop, og eventuelt når den skal byggjast.

Fylkesrådmannen meiner det er behov for tunnel på strekninga Helldal-Djupavika sjølv om det vert ei framtidig utbygging av ringveg øst mellom Fjøsanger/Hop og Arna. Trafikkanalysar viser at trafikken på fv. 587 vil kunne få ein ÅDT på 2 500-3 000 sjølv ved full utbygging av ringveg øst. Dette er ein betydeleg trafikk, og det vil difor uansett vere behov for ein betre løysing både for gåande, syklane og køyrande på fylkesvegen.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere naturleg at spørsmålet om finansiering av tunnel og andre tiltak langsetter fv 587 vert vurdert inn mot neste rullering av handlingsprogrammet til Miljøløftet, samt komande byvekstforhandlingar.

Vedlegg: Forprosjekt fv. 587 Arnatveit-Midtun